

Det blir ein topp konsert!

22.02.2009



Frå øvinga på "Killing me softly"

Då den fantastiske Brodahl-konserten i fjar var vel i hamn, var alle einige om at det ville vera vanskeleg å følgja opp på same nivå.

Etter å ha følgt øvingane lørdag, kan vi slå fast at skulemusikantane i Uskedalen og Rosendal har løyst den oppgåva med glans!

Konserten "Ungt blod" søndag kveld vil bli ei stor oppleving.



Gerd Ingunn Bauge hadde laga denne flotte sjokoladekaka

Øvinga lørdag viser tydeleg at dei unge musikarane tar stadig nye steg. Dei beherskar den krevjande og publikumsvennlege musikken på imponerande måte. Samfunnshussalen var verkeleg fylt med vellyd utover dagen.



På seminara har det vore dekka langbord.

- Dette blir ein knallkonsert. For to timer sidan, før de vart slitne, let det sinnsykt bra, sa den innleigde dirigenten, arrangøren og tubaisten Pål Magne Austnes ved slutten av dagen.
Det musikalske har fungert på ein perfekt måte denne helga. Ramma rundt øvingane har og vore kjempeflott. Mange foreldre var i aktivitet, og til middag fekk musikantane servert kyllingfilet med ris og salat. I dei andre pausane vanka det rikeleg med frukt og sjokoladekake. Ikkje rart at stemninga var god!

Søndag møtest musikantane på ettermiddagen til finpuss og oppvarming, og klokka seks bør samfunnshussalen vera full. Då kjem ungdommane til å presentera ein konsert vi ikkje har opplevd maken til i Kvinnherad før!

Av Thor Inge Døssland